

## Nectria spp.

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

E-post: venche.talgo@planteforsk.no

### Samandrag

Ulike artar innan soppslekta *Nectria* er vanleg på mange ulike grøntanleggsplanter her i landet. Både bar- og lauvtre kan verta angrepne, og då særleg etter at plantene er såra ved skjering/klypping. Soppen kan gi sprukken bark og kreftsår.

### Summary

Various species of *Nectria* cause canker and dieback on a number of conifer and broad leaved woody ornamentals in Norway, especially after pruning.

### Vertplanter

I Noreg er raud vortesopp (*Nectria cinnabarina*) registrert på ei rad ulike grøntanleggsplanter.

I prosjektet "Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen" (klyppegrøntprosjektet) er *Nectria* sp. registrert på koloradoedelgran (*Abies concolor*), fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) og kristtorn (*Ilex aquifolium*). I nordvestre delar av Nord Amerika og Europa er det kjent at *Nectria fuckliana* fører til kreftsår og daude parti på koloradoedelgran. Fig. 1 syner raude *Nectria*-sporehus som vart funne på daud bark på ein prøve av koloradoedelgran frå Rogaland.

### Symptom og biologi

På lauvtre ser ein som regel mest symptom tidleg på sommaren. Årsskota ser sjuklege ut, og blada vil etter kvart dauda. På bartre kan soppen ringa tynne kvistar og føra til brunt bar. På barken på både bar- og lauvtre kan ein finna lett synlege, raude sporehus. Barken sprekk ofte opp (sjå Fig. 2) og det kan dannast kreftsår.

*Nectria* har to ulike sporetypar (askosporar og konidiesporar). Askosporane (kjønna/perfekt stadium) vert danna i mørkeraude sporehus (periteciar). Periteciane ligg som regel fleire saman i klumpar (jf. Fig. 1). Konidiesporane (ukjønna stadium) vert danna i bleikraude, vorteliknande puter (sporodochia). Fig. 2 syner ein greinbit frå ein søtmispelhekk (*Amelanchier* sp.) som er full av *Nectria*-sporodochia. *Nectria* kjem ofte inn i sår som vert danna når ein skjer hekkar. På daude greinparti i skorne hekkar er det vanleg å finna begge sporehustypane. Soppen overvintrar som eit nettverk (mycel) av sopptrådar (hyfer) eller som sporehus (begge sporehustypane). Askosporane spreiest med

vind, medan konidiesporane spreiest med vasssprut. Sporespreiinga skjer i fuktig vær gjennom heile vekstsesongen.



Fig. 1. Sporehus av *Nectria* på koloradoedelgran (*Abies concolor*) frå Rogaland. Biletet er tatt av tørka herbariummateriale. Foto: E. Fløistad



Fig. 2. Sprukken bark og sporehus (sporodochia) av *Nectria* sp. på ei daud kvist frå ein søtmispelhekk (*Amelanchier* sp.). Foto: E. Fløistad

Fig. 3 syner askosporar frå kristtorn. Arten på kristtorn er truleg *Nectria aquifolium*.




Fig. 3. Askosporar av *Nectria* frå kristtorn (*Ilex aquifolium*) frå Rogaland. Her er sporane forstørta opp så mykje at det vert synleg at dei har eit tverrband (septa) som deler kvar spore i to. Truleg er dette sporar av arten *Nectria aquifolium*. Foto: E. Fløistad

### Tiltak

Angrepne greiner bør fjernast og klyppast godt under angrepspunktet (5-10 cm). Frå Tyskland vert det tilrådd at dette arbeidet berre vert utført i tørt vēr om sommaren (hindrar sporespreiing). Eventuelt kan ein ta ut greiner med sporehus før veksten tek til om våren.

I planteskular må alt infisert plantemateriale destruerast. Vidare er det viktig at plantene vert haldne i jamn, god vekst. Frå Tyskland er det rapportert at priklingsfasen er kritisk. Den minste uttørking av røter ved prikling aukar faren for angrep.

**Prosjekttittel:** Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

**Finansiering:** SND, NGF, eigeninnsats

**Styringsgruppe:**

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt  
Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund  
Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Det Norske Skogselskap

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt hausten 2004